



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
25/313612-5

Dykkar referanse:
202320330-221

Vår dato:
02.07.2026

Svar – høyring av endra søknad for nye kraftverk i Røldal–Suldalsvassdraget – Ullensvang og Suldal kommuner – Vestland og Rogaland fylker

Vi viser til brev datert 17.06.2026

NVE har mottatt endra søknad frå Lyse Kraft DA. Dei søker om løyve til bygging av Røldal 2 pumpekraftverk, Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmørk kraftverk i Ullensvang og Suldal kommunar. NVE viser i oversendingsbrevet til tidlegare søknad for dei same kraftverka, men også inkludert Novle 2 kraftverk, som saman med revisjonsdokument blei sendt på høyring 23.04.2024. Vi viser også til tilleggsutgreiing for villrein som blei sendt på høyring 03.11.2025. Statens vegvesen kom med uttale til begge høyringane.

Statens vegvesens merknad til endra søknad

I vår uttale datert 03.11.2025 var vår anbefaling til NVE at den moglegheita bygging av ny tunnel på E134 mellom Liamyrane og Ulevåvatnet opnar for å betre trekkmoglegheiter og leveområde for villrein, vert følgt opp gjennom konsesjonen. Med ny tunnel vil det opne seg ei moglegheit for villreintrekk over Votna(vatnet). Men det er avhengig av at ein ikkje får eit regulerings- og pumperegime som gjer isen over vatnet meir utrygg.

Vi viser til kulepunkt 4 under kapittel om Vestre vassdrag i Lyse sitt brev om justert utbyggingsløyising: «Ingen pumping fra Valldalsmagasinet til Votna». Vi har ikkje sett oss djupt inn i søknaden og samanhengen mellom ulike vatn og regimet knytt til regulering og pumping, men vi oppfattar dette grepet slik at det følgjer opp det vi skreiv i vårt innspel. Vi vil gjenta at vi ser det som viktig at dei grepa vi gjer langs våre vegar vert følgt opp med andre tiltak der det er mogleg, og der vi kan få ei synergieffekt. Det er gledeleg at ny tunnel kan vere med å betre tilhøva for villrein.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi ønskjer også å kommentere det Lyse skriv lenger nede i brevet særleg om omsynet til villrein. Eit av toppmåla til Statens vegvesen er å bidra til å oppfylle Norges klima- og miljømål. Norge har et internasjonalt særskilt ansvar for villrein. Statens vegvesen har utarbeidd reguleringsplan for ny trase på E134 gjennom reguleringsplan for E134 Fylkesgrensa – Dyrskartunnelen. Planen vart vedtatt i 2019, og legg mellom anna til rette for tunnel mellom Liamyrane i Røldal og til Ulevåvatnet.

Vi er ueinige i premisset om å legge til grunn noverande barrierar og forstyrringar som dagens trasé for E134, med tilhøyrande ferdsel og annan menneskeleg aktivitet, utgjør. Ein konsesjon vert gitt for lang tid framover. Då bør ein også legge mindre vekt på barrierar og forstyrringar som er i dag, dersom ein ser at desse vil kunne bli betre i framtida, til dømes gjennom å legge ein veg i tunnel, slik det er tilfelle her.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Kurt Skagen
fungerande seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.